



Oppdrettsanlegget ligg no ved det ytre punktet på denne kartskissa.

**Fiskeridirektoratet, Region Vest, har no uttala seg positivt til utviding av oppdrettsanlegget utanfor Skorpo, som også kommunen hadde gått inn for.**

**Det er Sjøtroll Havbruk i Austevoll som eig og driv dette anlegget.**

Det var søkt om biomasseutviding frå 3.120 tonn til 4.680 toinn samt arealutviding frå 5 til 6 ringar i parallell.

Direktoratet kan ikkje konstatere noka auka arealkonflikt med fiskeriinteressene i området, Anleggsramma vil framleis vere innafør området for akvakultur.

Kommunen blir oppmoda om å justere kommuneplanen slik at den viser faktisk arealbruk ved neste revisjon av planen.

Det er ikkje registrert gytefelt eller liknande i næleiken av anlegget og derfor ser ikkje Direktoratet behov for konsekvensutgreiing. Men dei påpeikar at store akvakulturinstallasjoner med høg biomase fører til auka konsekvensar ved rømming av matfisk (laks og aure) hvis anlegget skulle bli utstt for havari og tilsvarande hendingar.

Oppdrettaren må syta for nødvendig anleggsintegritet og eigenkontroll, heiter det i uttalen som no er sendt over til fylkeskommunen..,

Av Ola Matti Mathisen